




# Hjort i området Gaupne

LUSTER KOMMUNE

## Avskyting og sett — hjort statistikk frå Gaupne


Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdleiarane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.

### Jaktresultat 2001–2007



Ein ser at avskytinga har teke seg opp mykje dei to siste åra, frå å ligge på rundt 20 til 37 i 2007.

### % vis avskyting alder og kjønn



Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og andel kalv og ungdyr i dykkar område.


Den er laga for å illustrerer korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjortevskyting.

Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna som "ideelt". Som figuren syner har de betra dykk når det gjeld å auke kalv og ungdyravskyting.

De observerer meir hanndyr enn hodyr, og dermed er det ikkje så rart at det vert teke ut noko meir hanndyr enn hodyr. I alt er me godt nøgd med avskytinga i området.

## Kor mykje hjort ser de under jakta?

sett per time jakta i utmark i sona Gaupne



Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.

Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så me gjer eit forsøk.


stor auke i 2006 gjekk den litt ned att i 2007, men dette kan skuldast tilfeldigeheiter grunna lite utval. Jamt over vil eg sei at bestanden ser ut til å ha auka gradvis.

For området Gaupne ser det ut til å ha vore ei auke i observerte dyr per jakttime i utmark sidan me byrja me sett—hjort skjema i 2004. Frå ei

kan skuldast tilfeldigeheiter grunna lite utval. Jamt over vil eg sei at bes-

Er de positiv til at hjortetetleiken har auka? Eller tykkjer de at det er nok dyr?...

Sett hjort bestandsamansetning Gaupne




Andel eldre bukk kan verke å være litt på retur, sjølv om Gaupne generelt har hatt ein overvekt av hanndyr i "bestanden" eller i området. Nedgangen av eldre bukk i 2006 kan skuldast at ein i 2005 hadde 90% hanndyr i avskytinga. Kanskje var det framleis ein effekt av dette i 2007? Men i 2006 hadde de berre 40 % hanndyr i uttaket, og samstundes auka spissbukkdelen mykje i 2007, så hann/ho forholdet vart mykje retta opp til 2007.


## Kor lenge er de på jakt?

Det vart jakta i 1362 timar i Gaupne og på den tiden observerte de 131 dyr.

Jakttimar Gaupne



Observerte dyr Gaupne



	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA	
1	<b>Hjort 2007</b>																											
2	Sone	Valdnr	Valdletar fansvarleg	Arealkrav	Tilsagn i alt	1,5 år og eldre hann	Kalv	Frie	Tildelt for år	Tilsagn					Fellingsresultat hann			Fellingsresultat ho			Fellingsstatistikk							
45	Gaupne	401	Henrik Rønneid	1000	22	0	8	14	2007	Vaksne handyr	1,5 år hann	Hannkalv	Vaksne hodgr	1,5 år ho	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Handyr i utaket	Kalv og ungdgr i utaket	Felt dyr per 1000 da						
46	Gaupne	402	Erik Leirdal	1000	15	0	5	10	2007	1	0	0	1	0	0	2	13%	0	2	2	50%	0,126						
47	Gaupne	403	Melchior Leirimo	1000	3	0	1	2	2007	0	1	0	0	1	1	3	100%	1	2	2	33%	0,788						
48	Gaupne	404	Jarle Ruud	1000	4	0	2	2	2007	2	0	1	0	0	0	3	75%	1	2	2	100%	0,74						
49	Gaupne	405	Svein Jarle Vågda	1000	6	0	2	4	2007	0	2	0	0	0	0	2	33%	0	2	2	100%	0,297						
50	Gaupne	406	Hans E. Prestegård	1000	19	0	7	12	2007	2	1	1	1	3	1	9	47%	2	7	44%	67%	0,456						
51	Gaupne	407	Kåre Sandvik	1000	2	0	1	1	2007	1	0	0	0	0	0	1	50%	0	1	100%	0%	0,441						
52	Gaupne	408	Lars M. Hunshamar	1000	3	0	1	2	2007	1	0	0	1	0	0	2	67%	0	2	50%	0%	0,546						
53	<b>Totalt Gaupne</b>				<b>74</b>	<b>0</b>	<b>27</b>	<b>47</b>		<b>12</b>	<b>7</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>37</b>	<b>50%</b>	<b>8</b>	<b>29</b>	<b>65%</b>	<b>57%</b>	<b>0,47</b>						
54	<b>Prosentfordeling</b>					<b>0%</b>	<b>36%</b>	<b>64%</b>		<b>32%</b>	<b>19%</b>	<b>14%</b>	<b>11%</b>	<b>16%</b>	<b>8%</b>													

Til venstre finn de avskytinga for kvart vald i sona